

RAULAND FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2014

INNHALD:

- 1. Rauland statsallmenning**
- 2. Rauland fjellstyre - samansetjing m. v.**
- 3. Rauland fjellstyre sine hytter.**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt.**
- 6. Fiske.**



2014 vart året då fjellreven kom attende til Rauland Statsallmenning Foto: S. Olsnes

1. Rauland statsallmenning

Rauland statsallmenning ligg i Vinje kommune i Telemark fylke og er på omlag 67000 dekar høgfjell 1300 - 1600 m. o. h. Heile allmenningen ligg innafor Hardangervidda nasjonalpark. Allmenningen ligg langt frå allfarveg og turist løyper, difor er det heller liten trafikk der. Fjellstyret har 3 hytter som alltid står oppe for ålmenta.

2. Rauland fjellstyre

Fjellstyre er for perioden 2011 - 2015 samansett slik:

Medlem	Vara:
Dorthe Huitfeldt, leiar	Lena Romtveit
Marit Jortveit	Ingunn Garvoll
Jarle Nordjordet	Svein Rorgemoen
Tor Aage Dale	Ågot Storlid
Halvor Fehn, nestleiar	Svein Loftsgarden

Fjellstyret hadde i 2014 2 styremøte, eit telefonmøte og eit møte der ein trekte villreinjakta. Det vart handsama 17 saker. Fjellstyre har heller ikkje i år vurdert å ta ut møtegodtgjersle. Infoside for Rauland statsallmenning ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda. Salg av kort til småviltjakt og fiske er på inatur.no

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH)

Det er 7 fjellstyre som er aksjonærer i FH:

Røldal fjellstyre
Odda fjellstyre
Ullensvang fjellstyre
Ulvik fjellstyre
Eidfjord fjellstyre
Øvre Numedal fjellstyre
Rauland fjellstyre.

I tillegg er Hardangervidda Grunneigarsamskipnad inne med ein liten aksjepost. Leiar i Rauland Fjellstyre sit i styret for FH as. Marit Jortveit er vara.

Noregs Fjellstyresamband (NFS).

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (92 fjellstyre). Dorthe Huitfeldt sit i styret i NFS.

Hardangervidda fjelloppsyn

HF er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda as. Rauland Fjellstyre leiger sekretærtenester frå HF, samt enkelte felttenester etter eige ynskje gjennom året. HF ivaretek brannsikringsarbeidet og feiing på hyttene.

3. Rauland fjellstyre sine hytter

Alle hyttene står opne med ved, propan og anna naudsynt utstyr. Hytteteige betalast på hyttene i eigne kasser eller på bankgiro.

Hytteteige: Raulendingar. Andre:

Kr. 50,-

Kr. 150,-

Born under 16 år gratis.

Alle hyttene er utstyrt med madrassar, kjøkkenutstyr, propan og ved. Solcelleanlegg er det på alle hyttene.

Det vart transportert inn 50 sekkar med ved (80 l).

Halvor Fehn sto for organiseringa av transporten og transporten føregjekk på dugnad.

Det er kjøpt inn ny båt til Store Meinsvatn. Denne kjem inn vinteren 2015. Den gamle båten flyttast til Kostveit.

Store Meinsvatn 1420 m.o.h.

Hytta ligg i sørenden på Store Meinsvatn, er på 35 m² og har 8 senger med madrasser. Det er solcelleanlegg, kjøkkenutstyr, propan og ved på hytta. Hytta har eige oppsynsrom som Hardangervidda fjelloppsyn as leiger.

Det er ikkje gjort større arbeid her i 2014.

Kostveitvatn 1400 m.o.h.

Hytta ligg i sørvestre delen av Kostveitvatn, er på 28 m² og har 5 senger med madrasser. Det er solcelleanlegg, kjøkkenutstyr, propan og ved på hytta.

Det er laga nye senger på hytta i 2014. Dette vart gjort på dugnad av Birger Kjellingtveit, Edvin Loftsgarden og Dag Solbu. Det er kjøpt inn nye madrasser til alle sengene.

Saltpytt 1430 m.o.h.

Hytta ligg på øvre del av Saltpyttflotti, er på 42 m² og har 8 senger med madrasser. Det er solcelleanlegg, kjøkkenutstyr, propan og ved på hytta.

Det vart ikkje gjort arbeid her utover vanleg supplering av utstyr og ved/propan.

Alle hyttene gjennomgår årleg brannvernkontroll i regi av HF.

4. Villreinjakt

Samjaktavtaler:

Alle innanbygdsbuande i Rauland som hadde kort på andre vald kunne nytte dei frå fyrste dag mot eit gebyr på kr 400,- pr jeger.. Det var i 2014gjensidig samjaktavtale mellom RS og Berunuten Vest. Dette gjaldt fom 1 september og ut jakta. Ordninga er vederlagsfri. Kvoten for 2014 på Rauland Statsallmenning vart på 11 frie dyr, 57 simle/ungdyr og 8 kalvar. Det vart kjøpt inn 12 kort frå Ulvik fjellstyre. Her vart all SU kort seldt vidare til utanbygds. I tillegg vart 10% av eigne SU kort seldt til utanbygds. Dette har fungert fint og har gjeve ei fin ekstrainntekt.

Fellingsresultat 2014:

	Kalv	1,5	2,5 og eldre	Sum
Han	1	3	2	6
Ho	3	1	17	21
Sum	4	4	19	27

Dette tilsvarar ein fellingsprosent på 35,53

Prisar på fellingsløyve av rein:

	Innanbygds:	Utanbygds:
Fritt dyr	2200,-	4400,-
Simle/ungdyr	1500,-	3000,-
Kalv	500,-	1000,-

Fjellstyret har vidareført ei skjerpa haldning til Fjellovas reglar om innanbygds og utanbygds. Desse reglane finn ein i §§ 23 og 24 og dei omhandlar reglar om kven som er å rekne som innanbygdsbuande og dermed har rett til reinsjakt. Fjellstyret ynskjer derfor å halde fram med tidleg frist for søknadar om reinsjakt.

.

5. Småviltjakt

Det var ikkje småviltjakt på Rauland statsallmenning i 2014. Dette pga låge rjupebestandar og derfor freding i eitt år.

Prisar småviltjakt:

	Innanbygds:	Utanbygds:
3 dagar	Kr.250,-	Kr. 500,-
vekekort	Kr.500,-	Kr. 1000,-
Sesongkort	Kr.850,-	Kr. 1700,-

6. Fiske

Det vert seld fiskekort for stong og isfiske. det er ingen avgrensing i tid for fiske på allmenningen.

Prisar fiske:

3 dagar	Kr. 60,-
Vekekort	Kr. 100,-
Årskort	Kr. 300,-

Fastbuande i Rauland som løyser fiskekort, kan fiske med 5 garn med fri maskevidde . Det er båt i Store Meinsvatn.

Fjellstyret er også med i ei felles fiskekortordning saman med Vinje HG. Alt for liten tilbakemelding på fiskekorta og på grunn av fellesordninga med fiskekort har ein ingen oversikt over mengde fisk som er teken opp i vatna på allmenningen. Det har kome nokon tilbakemeldingar frå fiskarar og dei viser ein positiv trend i fisket. Det vert meldt om gode fangstar av fin kvalitet. Spesielt er det fin fisk i Kolsnutgryslene og Hokkebrovatnet. Det vart løyst 42 fiskekort for stongfiske via inatur i 2014, ei dobling frå 2013. I tillegg kjem kort som er kjøpt lokalt. Her utgjer felleskortet med Vinje HG størsteparten av salet. Dei utsalsstadane som sel kort berre for RS har nesten ikkje sal.

Fjellstyret vil takke alle for den flotte dugnadsinnsatsen dei gjorde i 2014

Rauland 20.01.15

Dorthe Huitfeldt
Leiar

Sveinung Olsnes
Sek.